

Samfunnshuset Skogen  
Hellandsvegen 445  
5939 Sletta

## ORIENTERING OM SAMFUNNSHUSET SKOGEN, SLETTA SØKNAD OM TILSKOT TIL TILBYGG

Samfunnshuset Skogen ligg på Sletta i Radøy kommune . Huset rommer hall med scene, kafe, toalettanlegg, garderobar til bruk for huset og fotballbana og kontor og lagsrom for Radøy Idrettslag (RIL). Garderobar vart bygd kring 1970 og huset stod ferdig i 1980. Seinare har både kjøkken og garderobar vore rehabilitert/oppussa.

Samfunnshuset er det einaste store forsamlingslokale på Sletta, som elles har barneskule, 2 bedehus og Vestnorsk Utvandringssenter.

RIL er største eigar i Samfunnshuset, og laget leigar huset til idrettslege aktivitetar innan idrettsskule og turn, både trening og oppvisingar.

Turnaktivitetane er omfattande, og det er kjøpt inn mykje nytt og dyrt utstyr for å gje born/ungdom eit best mogeleg tilbod.

Huset manglar plass til lagring av utstyret, og det går med mykje tid til flytting/handtering, noko som og fører til stor slitasje.

Salen vert og nytta til vintertrening innan fotball, innebandy og trim, og dei treng plass til sitt utstyr.

Samfunnshuset er vidare nytta til alle typar kulturaktivitetar og samkomer, og som lokale for fest og høgtidsdagar. Det er såleis trong for betre lagringstilhøve for bord/stolar og anna utstyr.

Det ligg no føre planar om oppføring av eit tilbygg som skal gje god og tidhøveleg lagring av utstyr både til idrett og alle andre aktivitetar i huset.

Salen i huset har storleik til bruk for volleyball, og tilbygget er tenkt reist langs eine langsida.

Finansieringa av tilbygget er planlagt med søknad om tilskot, eigne midlar frå Samfunnshuset og RIL og med dugnadsinnsats.

## DRIFT OG VEDLIKEHALD

Samfunnshuset er drive på dugnad med eit styre og ei servicegruppe. Det er ingen fast tilsette, og dei aller fleste drifts- og vedlikehaldsoppgåver vert utført av personar med ulik kompetanse i bygda.

Huset er i bruk fleire kveldar i veka i vinterhalvåret. I tillegg til trening og møter av ymse slag har ei revygruppe fast tilhald her. Dei har normalt sine

framsyningar i mars månad kvart år.

Jubileum, brudlaup, konfirmasjonar, åremålsdagar, avslutningssamkomer for skulen, 17.mai, Utvandringsfestival, konsertar m.m gjer at det er ei jamn drift i huset heile året. Økonomien er for tida tilfredsstillande.

Samfunnshuset Skogen har mykje å seia for Bygda Sletta, og i eindel samanhengar for kommunen og regionen.

Sletta 20.april 2017

Olav Steinar Namtvedt (s)